



Hordaland Fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/613 - 14/28176

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

17.12.2014

Høyring -Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan

Vedlagt følgjer saksutgreiing med uttale frå Lindås kommunestyre.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
126/14	Kommunestyret	PS	11.12.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Åslaug Brende	14/613

Høyringsuttale til ny tannklinikk struktur

Vedlegg:

Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2030 - høyringsdokument

Uttale RMNF og Eldrerådet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune gjev uttale til klinikkstrukturplanen for tannhelsa i samsvar med saksutgreiinga.

Kommunestyret - 126/14

KO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune gjev uttale til klinikkstrukturplanen for tannhelsa i samsvar med saksutgreiinga.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Fylkesutvalet i Hordaland har vedteke å sende forslag til ny klinikkstrukturplan 2015 – 2030 for tannhelsetenesta i Hordaland på høyring, med frist 15. desember 2014. Målet med planen er å utvikle ein klinikkstruktur innanfor gitte rammer som kan tilby innbyggjarane i Hordaland stabile tannhelsetenester, inkludert spesialisttenester av høg faglig kvalitet. Klinikkane må ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på tannklinikkane er og avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartane på ein effektiv og god måte. Lov om tannhelsetenesta § 1-3 definerer tannhelsetenesta sine lovpålagte oppgåver slik:

*Den offentlige tannhelsetenesten skal organisere førebyggende tiltak for hele befolkningen.
Den skal gi et regelmessig og oppsøkende tilbud til:*

- a. *Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18*
- b. *Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon*

- c. *Grupper av eldre langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie*
- d. *Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret*
- e. *Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere*

I tillegg til de prioriterte oppgaver kan Den offentlige tannhelsetenenesten yte tenester til voksent betalende klientell etter fylkeskommunale bestemmelser.

Vurdering:

Lindås kommune ser med uro på planframlegget. Kommunen har både omsorgsbustader, institusjonsplassar og bukollektiv for innbyggjarar som vert råka om tannhelsetilbodet vert nedlagt i 2018. Det blir lang reiseveg for enkelte sårbare grupper, og dette kan medføre belastningar som vil forsterke helseplagar dei måtte ha. Kommunen vil truleg få store meirkostnader i samband med følgje og transport av pasientane til Knarvik. Dei færreste av tenestemottakarane som omhandlast i Lov om tannhelsetjenesten § 1-3, disponerer og kan kjøre eigen bil. Desse gruppene vil vera avhengig av følgje eller av offentlege transportmidlar. Det kjem heller ikkje fram om til dømes bu- og servicesenteret på Lindås vil kunne ha eit ambulerande tannhelsetilbod ved nedlegging av tannklinikks i området. I tillegg gir pkt 1.7 eit lite tilfredstillande bilde av korleis ein vil ivareta dei sjukaste sjuke. Det er argumentert med at fleire pasientar kan kome til same tid på dei store klinikkkane og dermed vil kostnader og følgje kunne reduserast. Dette er ikkje kvardagen i kommunen, då sjukeheimspasientar i dag er både svake og omsorgstrengande, og transport og venting vil vera ein uforholdsmessig tung belastning for dei fleste i denne gruppa.

Når det gjeld gruppa barn og unge kan man stille spørsmål om sentralisering av tannhelsetilbodet vil føre til redusert bruk. Føresette må ta seg tid frå arbeid for å følgje til tannlegen, og ikkje alle vil ha føresatte som maktar å følgje dette opp .

Lindås kommune ønskjer sterke fagmiljø med solid kompetanse, men en ynskjer og fagmiljø i lokalmiljøa.

Det er og eit miljøaspekt i høve til auka transport med tannlegebesøk. Med sentralisering av tenestene vil lokalmiljøet verta fattigare. Attraktive stillingar i distriktet forsvinn.

Konklusjon

Lindås kommune forstår at Hordaland Fylkeskommune gjer ei vurdering av strukturen på tannklinikkkane, men vi meiner at konsekvensane for brukargrupper og kommunane er for lite utgreidd i planforslaget. Kommunen ser gjerne at dagens tannhelsetilbod og struktur i Lindås blir vidareført.

Om ein går for ei anna løysing, må ein leggje til rette for ein ambulerande ordning til utsette grupper.

Lindås kommune ønskjer vidare at tidspunkt for iverksetting av plan må vurderast opp mot bygging av helsehus i regionen, og anbefaler utsetting av iverksetting til tidligast 2019.